

Konfirmantane samla inn over 11 tusen.

16.03.2016



Første pulje får utdelt bøsser hos Møyfrid og Svanhill. F.v. : Jaran, Harald, Tina og Mia.

Under den årvisse Fasteaksjonen som Kirkens Nødhjelp står bak, vart det i går samla inn 11.582 kr. her i bygda. Pengane skal gå til noko så viktig som å sikra rent vann til folk som treng det i krisemråde. Det var årets konfirmantkull som vart rundt på bygda med bøssene, og dei gjorde alle ein kjempeflott jobb!



[Fire ungdommar til som er klar til innsamling. F.v.: Stine, Emilie, Simon og Anne Zofia.](#)

Det var soknerådet, representert ved Svanhill Haugland, Møyfrid Kristoffersen og Ove Myhre, som organiserte innsamlinga frå basen i bedehuset. Alle dei elleve konfirmantane møtte opp og viste både positivitet og engasjement då dei fekk utdelt bøsser og kvar si rute som dei skulle dekka. Svanhill rosar også responsen frå foreldre. Dei stilte velvillig opp som sjåørar til alle dei 6 rutene der ein trong biltransport.

Innsamlinga føregjekk mellom kl.17.30 og kl.19.30, og etter at konfirmantane kom inn att fekk dei kosa seg med brus og chips som takk for den flotte innsatsen. Det innsamla beløpet er om lag som det har vore dei siste åra, og med tanke på det fine veret og ein del som ikkje var heime, er det eit svært godt resultat.

Desse ungdommane utgjer årets flotte konfirmantkull. Dei vert konfirmert i Uskedal kyrkje 24. april kl.11:

- Mia Storevik Myklebust
- Simon Taranger
- Tina Bakke Eik
- Harald Myklebust Lekva
- Emilie Bringedal
- Ingeborg Huse Bjørnebøle
- Sunniva Ersland Myklebust
- Anne Zofia Fonn
- Sander Seim Myklebust
- Stine Soldal
- Jaran Jensen Eide

Tekst, foto og nett: Thor Inge Døssland